

**Fra:** Asbjørn Nagell Toft (asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no)

**Sendt:** 12.01.2018 21:27:09

**Til:** Elizabeth Warren

**Kopi:** Asbjørn Nagell Toft; Thomas Lindås

**Emne:** SV: 2 gongs høyring kommuneplan for Austrheim - motsegn føresegner kulturminne

**Vedlegg:** image001.png;image002.png

**Til Hordaland fylkeskommune**

## Austrheim kommune gir garanti på at kommunen følgjer opp dykker motsegnspunkt nemnd i e-post den 12.01.2018

Austrheim kommune viser til dykker e-post den 12.01.2018.

Det Hordaland fylkeskommune kjem med i sin merknad til andre gongs offentleg ettersyn av kommunenplanen vil kommunen ta med inn i den endelege kommuneplanen. Austrheim kommune vil såleis retta seg etter merknaden dykker på alle punkt som de har motsegnspunkt på. Dette gjeld både plankart og føresegner.

Me vil og ta inn føresegna i kommuneplenen som fylkeskommunen nemnde til slutt, men som de ikkje hadde motsegn på. Det gjeld følgjande føresegn:

**«Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan verke inn på det automatisk freda kulturminnet er ikkje tillate utan etter dispensasjon frå kulturminnelova. Eventuell søknad om løyve til inngrep skal sendast rette kulturminnestyresmakt i god tid før arbeidet er planlagd sett i gang. Kostnader knytt til nødvendige undersøkingar og eventuelle arkeologiske utgravingar vert belasta tiltakshavar.»**

Når det gjeld plankartet ved kyrkjegarden så er det ein godkjent reguleringsplan der. Me skal undersøkja nærmere om planområde til reguleringsplanen ligg der de viser den mellomalderske delen av kyrkjegarden på dykker kartskisse. Om den ikkje er med i planområdet og regulert i den godkjente reguleringsplanen så vil Austrheim kommune ta den inn på plankartet i arealdelen til kommuneplanen. Det gjeld tema som de tek opp her:

**Riksantikvaren sitt forslag til føresegner for Austrheim mellomalderkyrkjestad må innarbeidast i planføresegna, og den mellomalderske delen av kyrkjegarden må markerast i plankartet med omsynssone bandlegging etter kulturminnelova (H730).**

Me drøftar saka neste veka for endeleg avklaring på dette punktet.

med venleg helsing

Asbjørn Nagell Toft  
avdelingsleiar

---

**Fra:** Elizabeth Warren <Elizabeth.Jan.Warren@hfk.no>

**Sendt:** 12. januar 2018 14:27

**Til:** Asbjørn Nagell Toft

**Emne:** SV: 2 gongs høyring kommuneplan for Austrheim - motsegn føresegner kulturminne

De generelle føresegner slik dere har de § 1.7.2 er OK.

Vårt motsegnspunkt:

*Austrheim kommune sitt forslag til kommuneplan er i strid med kulturminne av nasjonal interesse. Det er knytt motsegn på følgjande punkt:*

- I. Føresegner knytt til LNF-område med høve til spreidd bustadbygging og spreidd næring tek ikkje nok omsyn til potensial for funn av automatisk freda kulturminne.
- II. Føresegner for omsynssone bevaring av kulturmiljø (H570) og bandlegging etter kulturminnelova (H730) er ikkje tilstrekkeleg integrert i planføresegnene.
- III. Riksantikvaren sitt forslag til føresegner for Austrheim mellomalderkyrkjestad må innarbeidast i planføresegna, og den mellomalderske delen av kyrkjegarden må markerast i plankartet med omsynssone bandlegging etter kulturminnelova (H730).

*Motsegn vert trekt dersom forslag til føresegner vist i saksframlegget vert tatt inn i planframlegget ved endeleg godkjenning.*

**For å imøtekommme pkt I i vårt motsegn:**

Legg følgjande føresegn til § 3.2 Spreidd bygeområde (bustad, næringsbygg, fritidsbusetnad)

«Alle nye tiltak i LNF-område med spreidd byggeområde skal sendast Hordaland fylkeskommune for vurdering av kulturminneinteresser og for å oppfylle undersøkningsplikta, jf. kulturminnelova §§ 3, 8 og 9».

**For å imøtekjemme pkt II i vårt motsegn:**

Legg følgjande retningsline til § 4.2.5 Bevaring kulturmiljø (H570)

«Ved utarbeiding av reguleringsplanar og gjennomføring av tiltak på enkeltobjekt eller område innanfor omsynssone kulturmiljø skal kulturhistoriske verdiar takast vare på og sikrast varig vern»

**For å imøtekjemme pkt III i vårt motsegn:**

Legg inn bandlagt område (H730) i plankart for mellomaldekyrkjegard på Austrheim (askeladden id 83830-4)



Legg følgjande føresegn til § 4.2.6 Bandlagt kulturminne (H730) mellomalderkyrkjegard id 83830-4

«Mellomalderkyrkjegarden er eit automatisk freda kulturminne. Innanfor mellomalderkyrkjegarden er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Gravfelt som ikkje har vore i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging eller andre inngrep.»

«Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan verke inn på det automatisk freda kulturminnet er ikkje tillate utan etter dispensasjon fra kulturminnelova. Eventuell søknad om løyve til inngrep skal sendast rette kulturminnestyresmakt, Riksantikvaren, i god tid før arbeidet er planlagd sett i gang. Kostnader knytt til nødvendige undersøkingar og eventuelle arkeologiske utgravingar vert belasta tiltakshavar.»

Vi må ha forsikringar gjennom et brev frå kommunen om at plankart og føresegner vart retta opp på disse punkta. Helst så fort som mulig slik at vi unngår motsegn på disse punktene igjen.

Kommentar dette er det ikkje knytt motsegn til ....bare en kommentar

Dere har ikke lagt inn alle automatisk freda kulturminne slik vi ba om (H730). Desse er bandlagt areal og bør inn i kommuneplan med følgjande føresegner.

«Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan verke inn på det automatisk freda kulturminnet er ikkje tillate utan etter dispensasjon frå kulturminnelova. Eventuell søknad om løyve til inngrep skal sendast rette kulturminnestyremakt i god tid før arbeidet er planlagd sett i gang. Kostnader knytt til nødvendige undersøkingar og eventuelle arkeologiske utgravingar vert belasta tiltakshavar.»

Vedlagt er et eksempel frå Granvin på opplisting av omsynssone som er ryddig. Kanskje dere kunne gjøre det same i framtid

Venleg helsing

**Elizabeth Warren**

Seniorrådgjevar

Kultur- og idrettsavdelinga | fylkeskonservator



Tlf: 55 23 91 98 | Mob: 958 954 68

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

---

**Fra:** Asbjørn Nagell Toft [mailto:[asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no](mailto:asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no)]

**Sendt:** 12. januar 2018 08:54

**Til:** Elizabeth Warren <[Elizabeth.Jan.Warren@hfk.no](mailto:Elizabeth.Jan.Warren@hfk.no)>

**Emne:** SV: 2 gongs høring kommuneplan for Austrheim - motsegn føresegner kulturminne

**Hei Elisabeth Warren**

Takk for dykkar e-post sendt til meg i går.

Me syntes dykkar merknad i samband med første gongs ettersyn i 2016 nok var lite forståeleg (lite presis/konkret). Me forstod kanskje ikkje heilt korleis de ville ha føresegna. Me tok inn det som Meland kommune hadde gjort i si føresegn.

**Her er føreseggnene våre som omhandlar kulturminne, dette under § 1.7.2 og § 4.2.5**

**§ 1.7.2 Kulturminne og kulturmiljø**

a. Kulturminne og kulturmiljø skal vera ein integrert del av planlegging og søknad om tiltak. I all arealplanlegging skal kulturminnemiljø dokumenterast og det skal visast til korleis ein har søkt å ivareta dette gjennom planforslag og plantiltak.

b. Verneverdige einskildbygningar og kulturmiljø og andre kulturminne skal i størst mogleg grad takast vare på som bruksressurs og verta sett i stand.

c. Tiltak nærmere enn 100m frå freda kulturminne skal leggjast fram for kulturminnemynde for handsaming etter lov om kulturminne før igangsetting av tiltak. Tiltak i kulturmiljø, nærmere enn 100m frå verna kulturminne eller verneverdige nyare tids kulturminne og kulturmiljø, skal leggjast fram for kommunal avdeling med ansvar for kulturminnevern for uttale.

**§ 4.2.5 Bevaring kulturmiljø (H570)**

Det er teke omsyn til kjente kulturminner og kulturmiljø ved lokalisering av nye arealformål. Det er lagt inn nokre kulturmiljø som omsynssone. Sona omfattar område med kulturminne- og miljø av særskilt verdi, og som skal ivaretakast for framtida. Nye tiltak vil normalt ikkje kunne godkjennast innafor sona utan særskilt handsaming.

Dersom de ikkje er nøgd med føresegna her når det gjeld kulturminne, så ynskjer Austrheim kommune ordrett føresegn frå dykk på korleis føresegna skal vera. Me må sleppa å gissa oss til ordlyden/formuleringsa. Det Hordaland fylkeskommune kjem med her vil me ta med oss til endeleg godkjenning. Det lovar me, det treng ikkje ha motsegn her, berre skriv at me er samde om det.

Som før og som det skal vera vil alle saker som det er dispensasjon på verta sendt dykk til uttale på vanleg måte.

Ring meg gjerne om du har høve til det.

Med venleg helsing

Asbjørn Nagell Toft

Avdelingsleiar

(56162141)

---

**Fra:** Elizabeth Warren [mailto:[Elizabeth.Jan.Warren@hfk.no](mailto:Elizabeth.Jan.Warren@hfk.no)]

**Sendt:** torsdag 11. januar 2018 15:28

**Til:** Asbjørn Nagell Toft

**Emne:** 2 gongs høring kommuneplan for Austrheim - motsegn føresegner kulturminne

Prøvde å ringe men ingen tok telefon

Jeg har sett litt gjennom føresegner for kommuneplan 2. gongs høyring og kan ikke sjå at det som vi hadde motsegn til er tatt hensyn til, selv om dere sier at dere har gjort det.

Har jeg gått glipp av noe? Kan du ringe meg i morgen...

Venleg helsing

**Elizabeth Warren**

Seniorrådgjevar

Kultur- og idrettsavdelinga | fylkeskonservator

**HORDALAND FYLKESKOMMUNE**

Tlf: 55 23 91 98 | Mob: 958 954 68

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)